



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato  
27.04.2015

Vår referanse  
2015/6001

Kommunane i Hordaland

### Tilskot til leirskoleopplæring for budsjettåret 2015 - kap. 0225 post 66

Tilskot til leirskoleopplæring for budsjettåret 2015 vert gjeve etter opplæringslova § 2-3 første ledd, og reviderte rettingsliner frå Utdanningsdirektoratet 1.1.2015:

<http://www.udir.no/Regelverk/Tilskudd/Skjema/Soknads--elevtellings--og-prognoseskjema-for-leirskoleopphald/>

Tilskot til leirskoleopplæring vert utbetalt etterskotvis to gonger i året til heimkommunen for dei gruppene som har vore på leirskole. Det vert gitt maksimalt tilskot for inntil 27,5 klokkeimar pr. gruppe elevar som reiser samla på leirskoleopphald og har minst 3 overnattingar.

Det maksimale elevtalet pr. skoleår det blir gjeve tilskot for er avgrensa til 1/10 av det samla elevtalet i kommunen (GSI tal). Etter avtale med Fylkesmannen v. utdanningsavdelinga kan kommunane med fådelte skolar enkelte år vika av frå denne regelen. Førsetnaden er at det vert gjeve tilskot for tilsvarande færre elevar for året etter, og at tildelinga vert halden innanfor den ramma Utdanningsavdelinga er tildelt i budsjettåret.

Ei gruppe består av 16 til 22 elevar. Dersom ein kommune/skole har totalt 23 elevar som skal på same leirskoleopphald, kan elevane delast i to grupper. Har ein kommune/skole færre enn 16 elevar som skal på same leirskoleopphald skal det gjevast tilskot for ei gruppe. Eksempel på dette er fådelte skolar eller oppsamling av elevar frå fleire skolar på same trinn i same kommune.

Satsen for tilskot i 2015 er kr. 553,- pr. time (60.min).

Leirskoleopphald må dokumenterast. Dette gjer ein ved å leggja ved stadfesting frå leirskolen, kopi av faktura og elevteljingsskjema som viser gjennomført leirskoleopphald. Vi ber om at refusjonskrav for våren 2015, elevteljingsskjema og prognoseskjema for hausten 2015 vert sende til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

Søknadsfrist for vårhalvåret er 15. juni og for hausthalvåret 15. november 2015. For seint innkomne refusjonskrav i hausthalvåret kan ein ikkje rekna med å få dekkja.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Haldis Håpoldøy  
seniorkonsulent

